

## litt om serien:

Songane vi syng når vi samlast som kristne er ikke berre møtefyll, framføring og godkjensle. Nei, i songane er det trua sjølv som både gjev og får språk og innhald. Dei gode songane hjelpt oss å løfte blikket på Jesus, utan at vi må sjå vekk i frå vår eiga livshistorie. Då styrkast trua gjennom songen og musikken. Det vert meir enn ein song! Det blir tru. Det blir liv. Det blir etterfølging. Det blir tilbeding. Til alle tider har kristne sunge saman, for gjennom songane vi syng vert den enkelte si tru vevd saman med alle dei andre si tru. Fellesskapet styrkast når vår tru får eit felles uttrykk, og gjennom songane får vi oppmuntra kvarandre til å stå faste i trua. Håpet vårt er at vi gjennom denne serien skal hjelpe kvarandre til å vere endå meir til stades i songane vi syng. For slik kan dei bli meir enn ein song.

## litt om temaet:

Denne salmen er kanskje best kjent som den Hans Nilsen Hauge song då han midt i andre verset fekk si store kallsoppleving. Resten er som kjent historie, men dette gjer jo at nettopp denne salmen kanskje er den som har forandret Norge mest. Den dukkar første gong opp i ei tysk frikyrkjeleg salmebok i 1712, og vart ein viktig del av den pietistiske vekkingsrørsla. Salmen vert omsett til dansk og kjem inn i Pontoppidan si salmebok i 1740 og Elias Blix gjev den eit norsk preg og utgjev den i Norge i 1869. Så kva handlar den om? Jo, salmen er uttrykk for ein lengsel etter å kjenne Jesus heilt og fullt. At alle delar av hjerte og sinn må få bli prega av intime kjennskapen til Jesus – slik at heile livet påverkast av trua. Trua er den nådige gåva som Anden gjev, og frelsa er noko som Jesus gjev. Og får eit menneske ikkje dette, er alt anna lite eller ingenting verdt. Det er og blir Jesus og Jesus åleine som vi berre MÅ få tak i i dette livet.

# Jesus, din søte forening å smake

## lære

Fil 1,21-26

Korleis kjem det fram i bibelteksten at Paulus «lenges og trenges» etter å foreinast med Jesus?

Paulus må ikkje misforståast som at han ville ta livet sitt, men han gjekk gjennom tøff forfølging og venta Kristus tilbake når som helst. Kva vil han fylle ventetida med? Kva er det som er årsaken til at han likevel håpar på, ja, er viss på, å få leve litt til?

## vere

Kva bør det gjere med perspektivet på livet her og no, og på menneske rundt oss, å lengte etter å vere foreint med Jesus?

Kjenner de til menneske som har levd eller lever «himmelvendt»? Korleis opplevast dei for folk rundt seg?

## gjere

Livet med Jesus handlar ikkje om å tvinne tomlar mens vi ventar på å bli rykka bort. Korleis kan det å hjelpe andre til «framgang og glede i trua» fylle livet dykkar med meinings, slik det gjorde for Paulus?

Kva konkret kan de gjere for å hjelpe andre til framgang og glede i trua?

## aere

spel av  
eller syng  
(forslag)

Lovsong:

Salme:

Love like this (Lauren Daigle)

Dra meg nær til deg (Michael W. Smith)

158: Jesus, din søte forening å smake



## bøn

Takk Gud for det store underet at vi får vere hans arvingar, og at vi skal foreinast med han når dette livet er slutt.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å halde ut i bøn, slik at vi held fram med å rope i lengsel og aldri blir stille. Og be òg om hjelp til å be den vanskelege bøna om at Guds vilje må skje, og ikkje berre vår.